

Christian Fredrik Fotland - chff

Referanse nr.	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
22/85778	Ingrid Karin Kaalaas - 56 57 50 00 - post@bjornafjorden.kommune.no		22.12.2022

Melding om vedtak - Budsjett 2023/Økonomiplan 2023 - 2026

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

SAK 148/2022, 15.12.2022 Bjørnafjorden kommunestyre

Vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til Budsjett 2023/Økonomiplan 2023 – 2026, med dei endringar som kjem fram i FrP/H/KrF/Uavh. sitt budsjettdokument.

2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike netto driftsrammer for sektorane:

	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Fellesområde	-3 272 000	12 161 000	20 789 000	23 756 000
Stab	54 849 000	54 549 000	54 549 000	54 549 000
Oppvekst	746 124 000	717 191 000	715 386 000	715 386 000
Helse og velferd	665 135 000	666 789 000	666 789 000	666 789 000
Samfunnsutvikling	60 703 000	53 834 000	49 602 000	47 872 000
Sum	1 523 539 000	1 504 524 000	1 507 115 000	1 508 352 000

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningar drift §5-4 (1A), Bevilgningar drift § 5-4 (1B) og førebels B3 Økonomisk oversikt drift § 5-6. Merknad: Budsjettramma til Samfunnsutvikling er inklusive kalkulatoriske poster (avskrivninger og renter) vedr sjølvkostanlegg.

3. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike investeringar og finansiering av desse:

Prosjekt Prosjekt	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
2020 Klassesett PC	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
2300 Jettegryto barnehage	22 000 000	0	0	0
2596 Lunde barneskule - opprusting	0	0	0	0
2000 Hjelpemiddellager/base heimetenester	40 000 000	18 000 000	0	
2010 Bufellesskap	35 000 000	15 000 000	0	0
3000 Velferdsteknologi	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
6022 Kjøp av utleigebustader	9 000 000	6 000 000		
3810 Microhus	4 000 000	0	0	0
4091 Flaumsikring Langedalsvatnet		0		500 000
4090 Flaumsikring Strandvik			1 500 000	2 500 000
6020 Kjøp av tomter og bygg	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
6030 Prosjektering utbyggingsområder	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6040 Uteområde skular/barnehagar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6100 Ombygging kommunale bygg	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
5000 Ombygging Kommunesynet	0	0	0	0
7230 Kommunal infrastruktur	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
7220 Industrikai Eikelandsosen	4 000 000	4 000 000	0	0
7244 Kommunal veg Revsåsen	10 000 000	8 300 000	3 000 000	0
7271 Vegkryss Steinneset	0	0	0	500 000
7281 Bru over Oselva	0			1 000 000
7270 Tiltak i trafikksikringsplan	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
7500 Rullande materiell	2 500 000	7 500 000	2 500 000	2 500 000
Delsum ordinære prosjekt	147 500 000	79 800 000	28 000 000	28 000 000
Prosjekt	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
9000 Avlaupsprosjekt	30 000 000	30 000 000	30 000 000	30 000 000
8110 VA anlegg ny veg Åsen	10 000 000	20 000 000	10 000 000	0
8000 Vasssprosjekt	30 000 000	30 000 000	30 000 000	30 000 000
Delsum Avgiftsfinansierte prosjekt	70 000 000	80 000 000	70 000 000	60 000 000
Sum investeringer	217 500 000	159 800 000	98 000 000	88 000 000
	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
1170 Egenkapitalinnskott KLP	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
1000 Utlån startlån Husbanken	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
1000 Avdrag startlån	10 500 000	11 000 000	11 500 000	12 000 000
Sum finansieringsbehov	289 000 000	231 800 000	170 500 000	161 000 000
Finansiering:	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
9999 Låneopptak investeringar	-139 300 000	-134 100 000	-91 400 000	-80 800 000
9999 Bruk av unyttå lån	-50 000 000	0	0	0
1000 Innlån Husbanken	-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000
1000 Mottatte avdrag på utlån	-10 500 000	-11 000 000	-11 500 000	-12 000 000
9999 Mva kompensasjon	-23 700 000	-12 700 000	-4 600 000	-5 200 000
9999 Sal av tomter				
9999 Sal av utleigebustader	-4 500 000	-3 000 000		
9999 Tilskot/refusjon frå private	0		-2 000 000	-2 000 000
9999 Tilskot frå Husbanken	0	-10 000 000		
9999 Tilskot frå fylkeskommunen				
9999 Tilskot frå staten				
9999 Overført frå driftsbudsjettet	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Sum finansiering	-289 000 000	-231 800 000	-170 500 000	-161 000 000
Udekkå finansiering	0	0	0	0

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningsoversikt investering §5-5 (2A) og Bevilgningsoversikt §5-5 (2B).

4. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at samla bruk av lån til investeringar i varige driftsmidlar 2023 er kr 189.300.000. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp nytt lån til investeringar i varige driftsmidlar på inntil kr 189.300.000 i 2023, jfr kommunelova

§14-15. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.

5. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren vurdere om kommunen har unyttede lånemidlar som kan redusere låneopptaket i 2023.

6. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp startlån i Husbanken til vidareutlån på inntil kr 60.000.000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.

7. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i året.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument.

8. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar betalingsssatsar, avgifter og gebyr for 2023 slik det går fram av kommunedirektøren sitt budsjettframlegg.

9. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at BIR Privat AS blir delegert fullmakt til å fakturere og krevje inn avfallsgebyret på vegner av Bjørnafjorden kommune, jfr §12 i Forskrift om håndtering av avfall frå Husholdning. Avfallsgebyret tilhøyrrer Bjørnafjorden kommune.

10. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at prisen på renovasjonstenesta for 2023 blir redusert

med 1%, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse blir haldne uendra. Kommunalt påslag blir uendra frå i fjor. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar avfallsgebyr i henhald til vedlegg «Pristabell renovasjonsgebyr Bjørnafjorden kommune 2023».

11. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å bruke høgste sats for kommunalt skatteøyre.

12. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at ev positivt premieavvik i budsjettåret blir sett av på fond for å dekke utgiftsføring av premieavviket påfølgjande år (1 års amortisering).

13. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at administrasjonen har fullmakt til å bruke fondsmidlar til det føremålet kommunestyret har bestemt, ref økonomireglementet.

Administrasjonen har og fullmakt til å gjere budsjettreguleringar som følgje av dette.

14. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at budsjetttramma for Kontroll og revisjon blir sett til kr

1.750.000, jfr vedtak frå møte i kontrollutvalet 01.09.2022 i sak PS 36/22 – Budsjett for kontrollarbeidet i Bjørnafjorden kommune 2023.

15. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at tilskotet til Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd for 2023 blir sett til kr 15.790.000. Tilskot til Fusa frivilligsentral for 2023 blir sett til kr 766.000.

16. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot 2023 til skulebading blir sett til kr 2.515.000, kommunalt tilskot til idrettshall og uteanlegg blir sett til kr 4.695.000.

17. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Oseana Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot for 2023 blir sett til kr 5.889.000.

18. Kommunedirektøren får fullmakt til å kjøpe og selje utleigebustader innafor dei summene som er sett opp i budsjettet for 2023.

19. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om å legge fram tertialrapportar for kommunestyret som gir oversikt over kommunen si drift og økonomiske stilling (se også verbalforslag 6.3 vedr. økonomirapportering til formannskapet).

20. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om å legge fram ein tiltaksplan snarast råd etter at konsultentselskapet PWC har levert sine rapportar om moglege innsparings- og omstillingstiltak i sektorane.

	2023	2024	2025	2026
Skatt på inntekt og formue	-884 043 000	-898 043 000	-908 043 000	-918 043 000
Ordinært rammetilskudd	-799 696 000	-809 496 000	-814 496 000	-819 496 000
Skatt på eiendom	0	0	0	0
Andre generelle statsliskot	-56 428 000	-39 568 000	-28 946 000	-28 832 000
Sum Generelle inntekter	-1 740 167 000	-1 747 107 000	-1 751 485 000	-1 766 371 000
Sektor Fellesområde	-	12 161 000	20 789 000	23 756 000
Sektor Stab	54 849 000	54 549 000	54 549 000	54 549 000
Sektor Oppvekst	746 124 000	717 191 000	715 386 000	715 386 000
Sektor Helse og velferd	665 135 000	666 789 000	666 789 000	666 789 000
Sektor Samfunnsutvikling	60 703 000	53 834 000	49 602 000	47 872 000
Sum Driftsutgifter per tenesteområde	1 523 539 000	1 504 524 000	1 507 115 000	1 508 352 000
Avskrivninger	111 865 000	113 811 000	115 974 000	115 974 000
Brutto resultat	-104 763 000	-128 772 000	-128 396 000	-142 045 000
Renteinntekter og utbytte	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	119 000 000	124 756 000	125 009 000	123 617 000
Avdrag på lån	107 661 000	109 484 000	110 999 000	111 040 000
Netto kalkulatoriske poster (frå sjølvkost)	0	0	0	0
Netto kalkulatoriske renter (frå sjølvkost)	0	0	0	0
Finansutgifter i tenesteområda	0	0	0	0
Sum Netto finansutgifter og inntekter	216 661 000	224 240 000	226 008 000	224 657 000
Motpost avskrivningar i tenesteområda	- 111 865 000	- 113 811 000	- 115 974 000	- 115 974 000
Netto resultat	33 000	-18 343 000	-18 362 000	-33 362 000
Til ubundne avsetninger	22 467 000	17 343 000	17 362 000	32 362 000
Bruk av ubundne avsetninger	-23 500 000	0	0	0
Overført til investering	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar	0	0	0	0
Sum Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar	-33 000	18 343 000	18 362 000	33 362 000
Årsoverskot / underskot	0	0	0	0

Verbalforslag:

- **Parkeringsløyising Osøyro**

Kommunestyret ber administrasjon om snarleg å utarbeida ein sak som tek opp i seg kor det kan regulerast for vilkårsparkering handheva av private, samt områder for parkering langs offentlig veg. Saka må gje eit fullstendig grunnlag for utarbeiding av ny skiltplan i sentrum. Kva system som kan nyttast for handheving og kostnad knytt til evt omregulering av områder for privat handheving av vilkårsparkering må komme fram i saka.

- **Vegvedlikehald**

Med bakgrunn i Hovudplan veg ber kommunestyret om at administrasjonen legg fram ei prioriteringsliste over dei vegstrekk som treng snarleg utbetring. Lista må innehalde grunngeving for prioritering og estimert kostnad for tiltaka.

- **Økonomisk rapportering**

Kommunestyret ber om fylgjande økonomirapportering til formannskapet frå og med budsjettåret 2023;

- Formannskapet skal få seg førelagt økonomirapportar for kvar måned så snart desse er klare
- Rapportane må detaljerast på einingsnivå m/periodisert budsjett, forbruk og prognose
- Ved evt. meirforbruk skal det leggjast fram forslag til tiltak for å halda budsjetttrammene
- Arbeid med tiltaka i Prosjekt Økonomisk handlefridom (ØKHAN) rapporterast fortløpande til formannskapet
- Formannskapet må gå grundig inn i PWC-rapportane knytt til tenesteområda Helse og velferd, Oppvekst og Samfunnsutvikling.

- **Fjellheim**

Avtale om utleige/disponering av Fjellheim skal leggjast fram for formannskapet/kommunestyret for godkjenning.

- **Kaukus**

Kommunestyret ber kommunen seia opp avtala med Kaukus.

- **Evakuering og trygge opphaldsstader**

I lys av tidlegare rapportering av tilfluktsrom er det viktig at kommunen kartlegg status for å sikra at vi er i tråd med lovverket.

Forslag til vedtak: I lys av arbeidet som leggjast fram for justis- og beredskapsdepartementet om evakueringsplaner og trygge opphaldsstader er det venta ein DSB-rettleiar til kommunal sektor. Det er viktig at Bjørnafjorden kommune er godt førebudde på å følge opp arbeidet når det kjem.

- **Bemanningsentralen**

Vi ber kommunedirektøren om å halda fram med utviklinga av Bemanningssentralen til å omfatta fleire område innan Helse og velferd, og i tillegg starta arbeidet med å utvida tilbodet til å omfatta oppvekstområda barnehage, SFO og skule.

- **Legevaktsamarbeid**

Kommunedirektøren får fullmakt til å utgreia om det også kan vera andre nabokommunar eller delar av nabokommunar som kan vere aktuelle å knyta til Legevaktstasjonen i Eikelandsosen eller på Moberg.

- **Innfartsparkering på Venjaneset og i Eikelandsosen**

Vi ber kommunedirektøren halda fram arbeidet med å få etablert innfartsparkering på Venjaneset, ved å bruka eit av oppstillingsfelt til dette. Ber også om at kommunedirektøren ser på moglegheitene for å utvida parkeringa ved Eikelandsosen terminal.

- **Felles takstzone for kollektivtrafikken i kommunen**

Vi vil oppmoda kommunedirektøren til å halda fram arbeidet med å få etablert ei felles takstzone for kollektivtrafikken i heile kommunen. Det vil vera eit godt bidrag til den felles kulturbygginga i kommunen, og vil redusera trafikkutgifter for folk.

Med vennleg helsing

Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.